



Langrennskomiteen@

Sakshand.: TAH/ KD

Dato: 29.08.2022

Arkivk.: lk/møter/innkalling/21-23

## PROTOKOLL TIL MØTE NR. 09 I LANGRENNSKOMITEEN, 2021-2023

**Stad:** Thon Hotell Skei  
**Tidspunkt:** Måndag 29.08.2022, kl. 18.00-21.00

### Sakliste

#### REFERATSAKER

**SAK 58 21-23** Godkjenning av innkalling og sakliste  
**SAK 59 21-23** Godkjenning av protokoll LK møte nr. 08 21-23  
**SAK 60 21-23** Referat frå Vår møte 2022

#### RAPPORTERINGSAKER

**SAK 61 21-23** Rekneskapsrapport pr. 22.08.22

#### DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

**SAK 62 21-23** Post 3-midlar  
**SAK 63 21-23** Krinslaget 22-23  
**SAK 64 21-23** Breiddesamlingar 2022  
**SAK 65 21-23** Skiklubbutviklar  
**SAK 66 21-23** Endring i langrennskomiteen  
**SAK 67 21-23** Handlingsplan 2021-2023  
**SAK 68 21-23** Haustmøtet 2022  
**SAK 69 21-23** Terminlista 2022-2023

#### EVENTUELT

**SAK 70 21-23** 100års jubileum  
**SAK 71 21-23** Haustmøtet NSF

---

**TIL STADES:** Tor Arne Høy, Laila Bosdal-Thorsen, Eline Orheim, Torstein Blikra, Kennet Dvergedal (adm.) og Melanie Hetkamp-Andersen

#### FORFALL:

**MERKNADER:** Torstein Blikra deltok på Teams. Melanie Hetkamp-Andersen deltok i saker som involverar skiklubbutviklar.

**REFERENT:** Kennet Dvergedal

---

## REFERATSAKER

### SAK 58 21-23

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

##### **Bakgrunn**

Innkalling og sakliste med vedlegg er utsendt på førehand.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner innkalling og sakliste. 2 ekstra saker vart tatt med under Eventuelt.

### SAK 59 21-23

#### **Godkjenning av protokoll LK møte nr. 08 21-23**

##### **Bakgrunn**

Protokoll LK møte nr. 8 21-23 er sendt ut og godkjent elektronisk tidlegare.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner protokoll LK møte nr. 8 21-23.

### SAK 60 21-23

#### **Referat Vårmøte 2022**

##### **Bakgrunn**

Referat Vårmøte langrenn 2022 vart gjennomgått i møtet.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen godkjenner referat og gjer vedtak om å følgje opp innspela frå Vårmøtet.

## RAPPORTERINGSAKER

### SAK 61 21-23

#### **Rekneskapsrapport pr. 22.08.22**

##### **Bakgrunn**

Rekneskapsrapport pr. 22.08.2022 ligg vedlagt.

##### **VEDTAK**

Langrennskomiteen tek rapporten til orientering.

## DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

### SAK 62 21-23

#### **Post 3-midlar**

##### **Bakgrunn**

NSF langrenn utlyste post 3-midlar juni 2022. Totalt har det kome inn 47 søknadar, for Sogn og Fjordane Skikreins har det kome inn 3 søknadar. Liste over søknadar ligg vedlagt.

Bakgrunn for søknadsrunden:

##### **Søknadstekst:**

*Norges Skiforbund langrenn har avsatt 800 000,- av tildelte post-3 midler til fordeling via skikretsene i 2022.*

##### **Hvem kan søke?**

*Skikretser og klubber tilknyttet Norges Skiforbund langrenn kan søke om post 3 midler i henhold til kriteriene.*

##### **Hvem behandler søknadene?**

*Langrennskomiteen i din skikrets innstiller og prioriterer søknader innen skikretsen. Langrennskomiteen i Norges Skiforbund prioriterer deretter innkomne søknader fra*

hele landet og fordeler midler.

**Kriterier for bruk av post 3:**

Målene er å:

- bidra til et godt tilbud til barn (6 - 12 år) i den frivillige, medlemsbaserte idretten.
- bidra til et godt tilbud for ungdom (13 - 19 år) i den frivillige, medlemsbaserte idretten.
- bidra til gode rammebetingelser for de lokale idrettslagene.

**For å ivareta disse målene skal tilskuddet:**

- Styrke idrettsaktiviteten og kompetansen i idrettslagene
- Bidra til økt rekruttering og jevnere kjønnsfordeling
- Legge til rette for at flere blir værende lengre i idrettslagene enn i dag
- Bidra til inkludering av underrepresenterte grupper i idrettslagene, herunder personer med nedsatt funksjonsevne
- Bidra til det prioriterte satsingsområdet "Sunn Idrett"

**Innsatsområdene er:**

- Trener og lederutvikling
- Aktivitetsutvikling - med fokus på å redusere barrierer for deltakelse.
- Klubbutvikling

**Krav til prosjekter/tiltak som får tildelt midler:**

- Prosjektet må rapporteres innen 1.12. 2022. (ferdig gjennomført eller igangsatt)
- Enkelt regnskap for bruk av tildelte midler må vedlegges.
- Alle prosjekter skal lage en nettsak/ nyhetssak om prosjektet som kan publiseres på nettsider i Norges Skiforbund.
- Søknader blir behandlet fortløpende og siste frist for å søke er 15.juni 2022.
- Organisasjons tilhørighet til Norges Skiforbund langrenn.
- Søkere som får tilsagn om midler er ansvarlige for at tiltaket/prosjektet gjennomføres i tråd med søknaden.

MERK: Det skal ikke søkes på midler til anleggsutvikling eller utstyr (tråkkemaskiner, snøproduksjon etc), dette er det egne støtteordninger for.

**Søknadsprosessen:**

1. "Tiltakseier"/Initiativtagere søker via forms-skjema. I svaret fra microsoft forms, kan du laste ned dine svar, men vi anbefaler alle søkere å lage en fil med søknaden som en egen back-up. 1. Kontaktperson (Fornavn etternavn):

2. E-post kontaktperson:

3. Telefon kontaktperson:

4. Navn på Skikrets:

5. Navn på klubb/lag (dersom det er et kretstiltak - skriv navn på krets):

6. Navn på tiltak:

7. Beskrivelse av tiltak og mål/hensikt:

8. Gjennomføringsplan/Tidslinje:

9. Budsjett:

10. Søknadssum:

11. Kommentarer:

- Hver krets vil deretter prioriterte "sine" søkere
- NSF, langrenn vil foreta tildelinger
- (Fordeling av midlene vil avhenge av søknadenes innhold og omfang. Det er ikke gitt at alle geografiske områder tilgodeses/tilgodeses likt.)

- Prosjekter som blir tildelt støtte blir publisert på [www.skiforbundet.no](http://www.skiforbundet.no)
- Langrennskomite i krets er ansvarlig for oppfølging av prosjektene i respektive kretser.
- Prosjekter blir tildelt støtte på forhånd.
- Prosjekter som ikke har blitt gjennomført eller iverksatt før 15.november 2022 blir bedt om å tilbakebetale støtte.

Langrennskomiteen drøfta saka i møtet, men grunna manglande søknadstekst vart prioriteringar gjort i etterkant av møtet.

### VEDTAK

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande prioriteringsliste:

1. Førde IL – Miljøsamling Beitostølen
2. Gaular IL – Aktivitetsdagar for store og små
3. Førde IL – Enivest Skiskule

### SAK 63 21-23

#### Krinslaget 22-23

##### Bakgrunn

Krinslaga i langrenn 2022-2023 har til saman 37 løparar.

- 6 løparar er knytt til Team Vest senior, som har eit utvida seniortilbod
- 23 løparar er knytt til det ordinære krinslaget, der 4 av desse har "vinterpakke"
- 8 løparar (f. 2007) er knytt til impulslaget

##### Trenarar 2022-2023:

Hovudtrenarar: Simen Bækken og Roger Pollen

Hjelpetrenarar: Torstein Blikra, Ola Jordheim, Lars Øvrebø, Bjørn Borkamo

##### Krinslagskontingent 2022-2023:

- Senior: kr. 18 000,-
- Junior: kr. 13 000,-
- Impuls: kr. 4000,-
- Vinterpakke: kr. 6500,-

##### Samlingsplan 2022-2023:

Fokus	Stad	Dato	Døgn	Senior	Junior	Impuls
Barmark	Førde	5.-8. mai	4		X	
Ski	Sognefjellet/Skjolden	2.-6. juni	5		X	
Ski	Sognefjellet/ Skjolden	2.-8. juni	7	Team Vest oppstartsamling		
Barmark	Sandane	30. juni.-3. juli	4		X	X
Ski	Folgefonna	<del>30. juni - 5. juli</del> 24.-29. juni	6	Team Vest		
Barmark	Markane, med M&R? (skulestart 15. aug)	11.-14. august	3	X	X	
Barmark	Sogndal	1.-4. september	4		X	X
Barmark	Lillehammer	<del>1.-5. september</del> 7.-11. september	5	Team Vest (med Team Elon?)		
Barmark	Hemsedal	21.-25. september	5	X	X	

Barmark	Førde (haustferie)	12.-16. oktober 7.-11. oktober	5		X	
Barmark	Trondheim/Meråker	12.-16. oktober	5	Team Vest		
Ski	Beitostølen	9.-13. november	5		X	X
Ski	Beitostølen	9.-15. november (9.-20. nov)	7	Team Vest		
FIS renn	Beitosprinten	18.-20. november		Team Vest		
FIS renn	Gålå	25.-27. november		X (+ eldre jr.)		
Totalt:				38	35	13

Evaluering frå hovudtrenarane om krinslagsaktivitet så langt vart gjennomgått på møtet og sendt ut i etterkant.

#### VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

#### SAK 64 21-23

#### Breiddesamlingar 2022

##### Bakgrunn

Av breiddesamlingar for aldersgruppa 11-15 år er det førebells planlagt;

- Treningshelg på Ullsheim 2.-4. September, Markane IL:  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2022/8/miljosamling-ullsheim/>
- Treningsdag på Langeland 17. September, Førde og Gaular IL
- Enivest Skiskule 7.-9. Oktober, Gjøran Tefre og Førde IL:  
<https://www.skiforbundet.no/sogn-og-fjordane/nyhetsarkiv/2022/8/enivest-skiskule-2022/>
- ”Treningssamling på tvers” (12 år og eldre) på Idrettens Møteplass, Sandane 5. November

Under planlegging:

- Barmarksamling i Sogndal 24. September (på tvers av greiner)
- Skisamling på Ullsheim i januar (jentesamling)

#### VEDTAK

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

#### SAK 65 21-23

#### Skiklubbutviklar

##### Bakgrunn

Melanie er i gong som skiklubbutviklar. Langrennskomiteen bør drøfte korleis ein kan nytte skiklubbutviklar som ressurs for langrennsporten, spesielt med tanke på rekruttering.

#### VEDTAK

Langrennskomiteen og skiklubbutviklar drøfta saka i møtet. Skiklubbutviklar prioriterar å bistå og besøke idrettslaga som ”vil det mest” i første omgang. Dette gir rom for å prøve og feile i starten, slik at ein kan bruke dei gode opplevingane til inspirasjon ved seinare høve. Konkrete forslag frå møtet:

- Gjennomføre grasrottrener kurs i alle tre regionane (Sunnfjord, Nordfjord, Sogn)
- Tilbod om foreldrekurs lokalt i klubb

### **SAK 66 21-23**

#### **Endring i langrennskomiteen Bakgrunn**

Medlem i komiteen, Sveinung Pile, har meldt inn at han ikkje finn tid til å prioritere vervet i LK og ønskjer å bli bytta ut.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å halde fram med konstitueringa av komiteen som vart gjort i SAK 12 21-23 til neste Skikrinsting.

Ved neste Skikrinsting ønskjer langrennskomiteen å fremje forslag om val av varamedlem til komiteen.

### **SAK 67 21-23**

#### **Handlingsplan 2021-2023 Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for 2021-2023 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2021.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta langrennskomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen ligg vedlagt.

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen handsama handlingsplanen og gjer vedtak om å følgje opp der det trengs.

### **SAK 68 21-23**

#### **Haustmøtet 2022 Bakgrunn**

Skikrinsstyret har vedtatt å legge Haustmøtet 2022 til Idrettsen Møteplass, som i år blir halde på Sandane, laurdag 5. November.

<https://www.idrettsforbundet.no/idrettskrets/vestland/kurs/idrettens->

[moteplass/](#)

#### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å halde haustmøte 2022 til Idrettens Møteplass 5. November, på Sandane. Agenda og sakliste blir vedtatt på neste komitemøte.

Adm. følger opp rekruttering til haustmøte med klubbar og ressurspersonar.

### **SAK 69 21-23**

#### **Terminlista 2022-2023 Bakgrunn**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at det i rammene for terminlista m.a. skal leggest følgjande til grunn:

- KM-helg til Sunnfjord
- SSF Cup finale til Nordfjord, Eid IL

- Øvingsutval (fleire sprint stafettar? KM team sprint?), langrennscross
- KM lang til Aosarennet
- Vestlandsmeisterskap til Voss
- Terminlistemøte med arrangørklubbane

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen gjer vedtak om å lage framlegg til terminliste basert på rammene og innspel frå Vårsmøtet. Framlegg til terminliste blir sendt ut på høyring i klubbane med frist for tilbakemelding tidleg i oktober. Langrennskomiteen handsamar tilbakemeldingar og kallar inn til eit terminlistemøte med arrangørklubbane. Terminlista blir vedtatt på Haustmøtet 2022.

### **EVENTUELT SAK 70 21-23**

#### **100 års jubileum**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins fyller 100 år 2023. Skikrinsstyret har oppretta ein komite som jobbar med jubileet, og ber greinkomiteane kome med innspel til jubileumsarrangement.

Langrennskomiteen drøfta saka i møtet.

### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta følgjande forslag:

- Bankett ifbm. KM helg
- Ekstra vintersamlingar (eksempel fellessamling for utøvarar i framkant av hovudlandsrennet)
- Lage ein video med historiske begivenheit
- Kåring: Tidenes skiløpar frå fylket

Adm. spelar inn forslaga til jubileumskomiteen.

### **SAK 71 21-23**

#### **Saker til Haustmøte NSF**

##### **Bakgrunn**

Skiforbundet sitt Haustmøte 2022 er planlagt 14.-16. Oktober 2022 på Scandic Seilet, Oslo.

Skikretsane Sogn og Fjordane, Hordaland, og Agder/Rogaland ønskjer å leggje fram tre saker til Haustmøte langrenn:

- Utvide finaleheat i nasjonale Sprintrenn, frå 6 løparar til eksempelvis 8 eller 10. Ved å gjere dette vil fleire enn 30 løparar gå vidare til finalane og få meir ut av sprintrenna.
- Leggje til mix stafett i terminlista for NC jr./ NC sr./ NM.
- Leiaren av Scandinavisk Cup Sprint samanlagt får innpass på World Cup Sprint renn. På bakgrunn av at leiaren i Scandinavisk Cup samanlagt får innpass til World Cup renn, bør same retningslinjer vere gjeldande for sprint cupen.



### **VEDTAK**

Langrennskomiteen drøfta sakene i møtet og gjer vedtak om å støtte desse med atterhald at det lar seg gjennomføre ihht reglement og lover.

**Neste møte LK;    Teamsmøte i slutten av september.**

Med venleg helsing  
Sogn og Fjordane Skikrins

Tor Arne Hov (s)  
Leiar LK

Kennet Dvergedal (s)  
Adm. sjef